

I Guds frie natur også i år?

15.07.2014



Presten sto under eit morelltre i 2009

Sundag ettermiddag klokka 14 er det friluftsgudsteneste på Skorpo og igjen spørs det om det vert mogeleg å halda den i Guds frie natur eller om ein må ty inn. Det har variert opp gjennom åra, men dei fleste samkomane har vore inne i løa på Søre Skorpevågen, som er eit godt og stemningsfullt alternativ. Men av utemessene minnast vi særleg den i 2009 då messa fann stad i skuggen av eit morelltre og dei 30 frammøtte sat langs vegen opp til garden.



[Løa er eit godt alternativ](#)

Sokneprest Sven Harald Nilsen var tydeleg prega av å preike i Guds frie natur. Han konstater at ei messe i filuft ga både innsikt og utsikt og kom med ei sterk oppmading om å ta vare både med kvarandre og naturen.
Og han retta litt på truedkjenningsa
då han slo fast at skapelsen går føre seg ustanskeleg.
Konklusjonen hans var å oppmada om bruk av meir fornybar energi.
Dette året var det 6 fastbuande på øya.og alle var med.

I jubileumsåret 2014 er det teologistudent Silje Karlsen som held gudstenesta og Kristian Olav Bringedal er organist også i år.
Rett etter messa og den tradisjonelle kyrkjekaffien tek han med flest mogeleg på ei historisk vandring i det vakre natur- og kulturlandskapet.

Fokus her vil vera Tunet i det blå, Øredalen med tufta etter Herborgstova og Skorpefjellet med jettegryter.
Det vert båtskyss attende til Uskedalen både etter kaffien og turen.



GUDSTENESTE på Skorpo

Søndag 20.juli 2014 kl 14.00

v/student teolog Silje Karlsen

Tonefylgje v/Kristian Bringedal

Kyrkjekaffi

– Båtskyss fra Sandakaien/Båthamna kl 13.00, kr 30,- t/r

HISTORISK VANDRING

Rett etter gudstenesta/kyrkjekaffien, vil Kristian Bringedal ta oss med på ei historisk vandring i det vakre natur- og kulturlandskapet på Skorpo. Fokus her vil vera: "Tunet i det blå", Øredalen med tufta etter Herborgstova og Skorpefjellet med gjettegryter.

- Der vil bli båtskyss tilbake til Uskedalen, både rett etter kyrkjekaffien og etter turen rundt på Skorpo.

Velkomne !

Helsing Uskedal sokneråd/Jubileumsnemnda

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



I fjor var det prostiprest Pål Dale som hadde messa og Kristian Olav Bringedal var organist